




Folk først.

Her vil vi leve – her vil vi skape.



Kommunevalet 2015
Stem VENSTRE.

VENSTRE
Fjaler





1. Hogne Kvangarsnes

6968 Flekke, 60 år

Hogne er ein ryddig og erfaren lokalpolitikar med allsidige politiske interesser. Han er samfunnsengasjert og aktiv i kulturlivet – og har bak seg ulike verv i ymse lag og organisasjonar. Hogne har vore lærar og rektor ved Våge skule, journalist i Firda, og har siste åra arbeidd i vaksenopplæringa.



2. Gunhild Berge Stang

6963 Dale, 41 år

Gunhild er ei svært politisk engasjert kvinne. Ho er leiar i Sogn og Fj. Venstre - og 1. kandidat ved årets fylkestings-val. Ho har ved fleire høve møtt som vararepr. på Stortinget siste perioden. Ho har også vore leiar i Noregs Ungdomslag. Gunhild er utdanna arkeolog – og er rådgjevar på kulturavd. i fylkeskommunen.

Venstre er positive til større kommunar. Slik kan vi sikre og bygge ut eit framtidig godt tenestetilbod, og utvikle sterkare bu-, arbeidsmarknads- og sørvisområde.

Venstre vil arbeide for å halde oppe eit godt utdanningstilbod ved Dale vid. skule – gjerne med fylkesdekkande linjer.

Venstre vil vere pådrivar for ein miljøvenleg kvardag.

Venstre vil stå på for ei raskast mogeleg opprustning av fv 57 Dale-Storehaug.

Venstre vil jobbe får å få realisert ei tenleg kulturscene i kommunen – gjerne i samarbeid med UWC med utbygging av eksisterande lokale på Haugland.

Venstre vil framleis arbeide for ny gravplass i Dale på Øyra.



11. Ståle Brattelid
6963 Dale, 46 år
Salsleiar i Norsk Tipping AS



12. Marte Haugsbakk
6968 Flekke, 20 år
Student ved Høgskulen i Sogn og Fj.



13. Tarjei Nitter
6963 Dale, 32 år
Lærar ved Flekke skule



14. Solbjørg Samdal
6968 Flekke, 63 år
Bonde/barnehageass. i Flekke barnehage



15. Christoffer Stølen
6967 Hellevik, 26 år
Programrådgivar ved Førde Norsksenter



16. Liv Sandsund
6963 Dale, 68 år
Pensjonist



17. Frank Igelkjøn
6968 Flekke, 46 år
Kjøpmann/bonde



18. Evy Solheim
6963 Dale, 36 år
Sjukalear i Fjaler kommune

Førehandsrøystinga til årets kommuneval startar måndag 10. august. Du kan førehandsrøyste på Fjalerhuset.



19. Jonny Pedersen
6968 Flekke, 51 år
Sivilingeniør/dagleg leiar i Pecom AS



20. Anne Overdevest
6963 Dale, 32 år
Blomsterdekoratør på Blomstertorget AS



21. Harald Norddal
6963 Dale, 29 år
Lakkerar/sjølvtendig næringsdrivande



3. Richard Skår
6963 Dale 31 år
Prosjektingeniør ved Pecom AS



4. Ingunn Eiken
6963 Dale, 41 år
Dagleg leiar ved Vevang Produksjon AS



5. Arne Osland
6968 Flekke, 51 år
Utviklingsdirektør på UWC



6. Anne Erstad
6964 Korssund 59 år
Rektor ved Våge skule



22. Ellen Høiseith Eiken
6967 Hellevik, 43 år
Leiande sjukepleiar på Haugland Rehab.



23. Lesley Wilson
6968 Flekke, 53 år
Medarbeider på Joker Flekke



24. Atle Lyngstad Ness
6963 Dale, 62 år
Pensjonist



25. Ingvild Søgner
6963 Dale, 36 år
Lærar ved Holmedal Montessoriskule



7. Yngve Åsnes
6969 Straumsnes, 50 år
Ingeniør i oljeindustrien



8. Sølvi Ann Solheim Løkkebø
6963 Dale, 48 år
Lærar ved Dingemoen skule



9. Svein-Erik Helle
6963 Dale, 31 år
Forskar/stipendiat Universitet i Bergen



10. Laila Svorstøl
6967 Hellevik, 54 år
Medarbeidar i Sunnfjord Gravferdsbyrå



26. Lesley Robertson
6968 Flekke, 53 år
Klinisk ernæringsfysiolog/ yoga-lærar



27. Terje Sætønes-Høvik
6963 Dale, 44 år
Grafisk designer



28. Ragnhild Berger Follevåg
6968 Flekke, 37 år
Kontorleiar på Haugland Rehab.



29. Gudmund Solheim
6963 Dale, 70 år
Pensjonist

Fjaler – eit ope og inkluderande samfunn.

Venstre vil:

- vere open for å vurdere større kommuneeiningar
- arbeide for eit eige felles lensmannskontor for Hafs-kommunane
- ta på alvor oppgåva som ombod for innbyggjarane
- arbeide for merking av vegar og hus i Fjaler
- at kommunen fortløpande vurderer forvaltning av verdiar på beste måte for innbyggjarane
- gi ungdommens kommunestyre meningsfulle oppgåver
- arbeide for positiv omdømmebygging av fjalersamfunnet og god tilrettelegging for tilflyttarar og flyktingar
- halde fast ved sundags-stengde butikkar

Ein klimavenleg kommune.

Venstre vil:

- at kommunale planar tar omsyn til og vektlegg natur, kultur og klima
- vere pådrivar for ein miljøvenleg kvardag m.o.t. kjelde-sortering, nybygging og energibruk
- stå for heilskapleg planlegging av infrastruktur for bustad- og industriområde
- seie ja til fornybar energi, men verne viktige turområde mot store installasjonar
- ha ei restriktiv haldning til hyttebygging i uregulert område
- utarbeide investeringsprogram for enøk-tiltak i kommunale bygningar etter vedteken plan
- utvikle vidare sentrumsmiljøet i Dale i samarbeid med næringsliv og frivillige organisasjonar

Eit kreativt og verdiskapande samfunn.

Venstre vil:

- stimulere til etablering av ein næringshage/kontorfellesskap i kommunen
- legge til rette for lettare og tyngre næringsareal, gjerne i lag med private aktørar
- arbeide for å realisere eit hotell med kurs og konferansemulegheiter
- utnytte kysten som eit framtidretta næringsområde, og tilrettelegge for reiselivsnæringer som marknadsfører distriktet vårt
- at primærnæringsane framleis skal vere viktige for verdiskaping og busetnad i Fjaler
- legge til rette for bygging av utleigebustader og for variert husbygging i alle delar av kommunen
- at kommunen nyttar seg av lokalt næringsliv der desse har kompetanse og er konkurransedyktige
- stimulere grunderverksemd og arbeide for fleire «knoppskytingar» ut frå eksisterande næringer i Fjaler

Satsing på samferdsla.

Venstre vil:

- arbeide for raskast mogeleg opprusting av fv 57 Dale-Storehaug
- satse på kystvegen med fullgod utnytting av Dalsfjordsambandet
- oppretthalde eit godt og tenleg rutetilbod på Bringeland
- arbeide for god infrastruktur til Lutelandet m.a. vegutbetring, og skule- og arbeidsrute mellom Leknesund i Solund og Lutelandet
- ha best mogeleg busstilbod, ferje- og båtavgangar
- arbeide for trygge gang- og sykkelveggar til skular og barnehagar i heile kommunen
- vere pådrivar for utbygging og oppgradering av fiber, mobil og breiband

Varm velferd når du treng det.

Venstre vil:

- arbeide for fleire sjukeheims plassar og styrking av heimetenesene som følgje av samhandlingsreformen
- legge til rette for kompetanseauke for dei tilsette slik den nye reformen legg opp til
- ivareta dei funksjonshemma sine rettar
- støtte opp om førebyggjande arbeid og helseopplysning, oppmuntre den einskilde borgar til å ta vare på si eiga helse, og halde fram ordninga med kommunal folkehelsekoordinator
- føre ein ansvarleg alkoholpolitikk, og yte tilskot til rusførebyggjande tiltak
- oppretthalde eit godt og velfungerande sentral-sjukehus i Førde
- yte tilskot til krisesenteret

Ein skule for kunnskap og like moglegheiter.

Venstre vil:

- halde fast ved skulestrukturen der elevtalet tilseier det
- oppretthalde ungdomsskuletilbodet i Våge
- arbeide for å sikre eit godt utdanningstilbod ved Dale vid. skule, gjerne også med fylkesdekkande linjer
- arbeide for eit godt barnehagetilbod – både i offentleg og privat regi
- sjå på ei mogeleg samordning av barnehagetilbodet på Hellevik og Våge
- stimulere til samarbeid mellom skule, næringsliv og lokalsamfunn

La kulturen og idretten bløme.

Venstre vil:

- arbeide for å få realisert ei tenleg kulturscene i kommunen – gjerne i samarbeid med UWC med utbygging av eksisterande lokale på Haugland
- gi kulturskulen best mogeleg rammevilkår
- at skuleanlegga må få fullgod utnytting som møte-stadar for kultur og idrett
- ivareta lokale verdiar og stiftingar, og samstundes dra nytte av impulsar frå UWC og kunstnarsenteret på Dalsåsen
- støtte kinodrifta i Dale
- oppretthalde bibliotektilbodet med filialar
- stimulere og legge til rette for kulturbaserte næringer
- støtte opp om ein levedyktig frivilligsentral
- framleis arbeide for ny gravplass i Dale på Øyra

**Folk
først.**

VENSTRE
Fjaler

